


BOKN BYGDEBLAD

PRØVENUMMER oktober 1985 *

Når kjem kombibygget?



Slik vil kombibygget ta seg ut mot sjøen og Boknasundet.

Mange lurar på kor langt ein nå er komen når det gjeld planane om fullføring av kombibygget. Kommuneingeniør Hans Faye opplyser at anbudsdocumenta skal sendast ut i slutten av oktober. Ein rekner så med byggestart i slutten av februar 1986, og må rekna ei byggetid på 16 - 18 mnd. Det vil seia at kombibygget kan stå ferdig sommaren 1987.

Les:

HAR ME BRUK FOR BYGDEBLAD? s.2. BKFR VANDREUTSTILLING s 11.

BRANNBIL TIL BOKN s.12. DISKOTEKET s. 6.

FRÅ STYRE OG STELL s.8,9 og 10. UNGDOMSÅRET 1985 i BOKN s.4.

TV - INNSAMLINGA UNGDOMSKAMPANJEN 85 FØRSTKOMMANDE SØND.s.5.

BYGDEBLAD -

har me bruk for det ?

Det er etter kvart ein god del kommunar som har begynt å gje ut bygdeblad.

Sjølv om me i dag får meir informasjon enn nokon gong før gjennom radio, TV, aviser og vekeblad, går vel mykje av dette på hendingar ute i "den store verda" og i meir sentrale strok her i landet.

Frå tid til anna kan me også lesa om saker frå vår eigen kommune i lokal-aviser. Av og til er sakene svært godt dekkja, medan ein andre gonger berre finn små notiser. Som regel er det større saker som blir omtala, og særleg saker som har betydning for fleire enn berre boknarar.

Det er fint at det blir skriva ein del om det som hender her i kommunen i lokalavisene. Den store fordel den desse har, er at dei får ut nyhetene medan dei er mest aktuelle, og dei kan ha stor gjennomslagskraft sidan avisene har så store opplag.

Eit bygdeblad, eller kva ein skal kalla det, bør etter mi meining fungera som eit informasjonsorgan til alle innbyggjarane i kommunen, og vil kunna skriva om mykje som ei større avis kanhenda ikkje ville ofra spalteplass på. Det er mange "mindre" hendingar i kommunen som folk ville lika å kunna lesa om, og det er noko med å informera om kva som skjer i lokalmiljøet.

Kommunale etatar har ofte eit ynskje om å gå ut med informasjon, og det gjeld sannsynlegvis også her i kommunen. Dei mange organisasjonane kunne også ha stor nytte av eit bygdeblad. Dersom ein kunne få til eit system med faste utgjevingsdatoar, kunne avisa brukast til m.a. kunngjeringar. Det kunne vel heller ikkje vera noko i veien for at lokale handelsnæringar kunne avertera. På den måten kunne ein vel få inn litt inntekter. Innlegg frå privatpersonar måtte det også vera høve til.

Eg vil tru at nokon kunne ha faste sider. Dersom det er slik at ungdomsskulen har media som valfag, kunne dei vurderera om dei ville vera faste bidragsytarar til eit bygdeblad. Frå biblioteket har det alt kome signal om at ein ønskjer fast spalte. Kulturstyret vil alltid ha noko å informera om, og det same gjeld sosialkontoret. Formannskapskontoret vil også kunna ha behov for å gå ut med informasjon, og det gjeld sikkert også dei andre etatane.

I kommunar som er større enn vår, blir bygdeblad utgjeve fast, t.d. ein gong pr. veke, eller ein gong pr. månad. Mange stader har kommunen sett dette arbeidet så viktig at det er tilsett folk for å laga dette bladet.

Dette med kvaliteten på avisa er også eit viktig spørsmål. Og då tenkjer eg både på det innhaldsmessige og utsjånad, trykk etc. I alle fall i starten, så bør

ein prøva å halda kostnadene på eit rimeleg nivå. Etter kvart vil ein då få erfaring på om dette i det heile fungerer, og om det er så viktig at ein vil satsa midlar på det, og kor mykje ein vil satsa. Slik det nå blir gjort, er det kulturmidlar som finansierer det heile. Men så lenge det er kommunen sitt utstyr ein bruker, blir det mykje rimelegare enn om ein skal bruka eit trykkeri. På den andre sida blir jo kvaliteten deretter. Ein har ikkje dei same mogelegheitene til å få gode bilete o.l. slik utstyret nå er.

Ein annan ting som er svært vesentleg, er at det er svært tidkrevjande å laga avis. Skal det gjerast på fritida, slik dette prøvenummeret for det meste er gjort, krev det at ein er eit slags redaksjonsutval som tek på seg det heile, så blir arbeidet noko meir fordelt. Det gledelege er at etter at dette med bygdeblad er blitt nemnt, m.a. i kulturstyret, har eg fått vite at det er andre som også har tenkt på dette, og som eg håpar kan tenkja seg å vera med på arbeidet. I alle tilfelle - er du interessert i dette, så kontakt oss på sosialkontoret, så kan me sjå om det blir så pass mange interesserte at det blir enklare å få til eit bygdeblad.

Kulturstyret har for 1986 gjort framlegg om at det blir sett av midlar til dette arbeidet.

Denne avisa er ikkje meint som noko mønster på korleis eit bygdeblad skal sjå ut, og kva innhaldet skal vera. Det er meir tilfeldig kva som er kome med i denne avisa, og noko farga av at det berre er ein person som har arbeidd med det. På lengre sikt må ein sjølv sagt leggja vekt på å laga ei

varierte avis som kan ha noko interessant å lesa for dei fleste aldersgruppene. Men ein kan jo også ha utgåver der spesielle tema blir tatt opp i større breidd.

ra.


Bokn skulekorps

skal ha den årlege auksjonen i slutten av november på Bokn skule.

Korpset er som tidlegare år, også nå på jakt etter ting og saker som kan auksjonast bort - det gjeld både nytt og gamalt.

Det vil seinare koma oppslag om kor ein skal henvenda seg for å få avlevert ting.

Det er fint om folk alt nå kan begynna å tenkja seg om kva dei eventuelt har å gje til dette formålet, seier Gunvor Dalby Vea.



Har du noko du vil gje bort?



Ungdomsåret 1985

i Bokn

Hovudsiktepunkt med Ungdomsåret er å stimulera dei unge til å engasjera seg sterkare og ta meir aktivt del i samfunnslivet lokalt. Dei unge veit sjølv best kva som er problema og korleis tilhøva for ungdom kan bli betre.

FN har vedteke at mottoet for Ungdomsåret skal vera

D E L T A K I N G, U T V I K L I N G og F R E D

Det er vidare gjort vedtak om at dette året skal gjennomførast på grunnlag av dei nasjonale tilhøva i kvart enkelt medlemsland. Hovudnemnda har i tillegg gått inn for at tyngda av tiltaka skal utførast lokalt. Med det får dei som sjølve er unge høve til å setja sitt preg på Ungdomsåret. Dei kan sjølve vera med på å leggja premissane for aktivitetane. Med bakgrunn i mottoet for Ungdomsåret, har hovudnemnda gjort framlegg om å leggja tiltaka til seks hovudområde:

UTDANNING OG ARBEID
BUSTADSIITUASJONEN FOR DEI UNGE
SÆRSKILTE UNGDOMSPOLITISKE TILTAK
UNGDOM OG UTVIKLINGSLAND
KULTUR OG FRITID
INTERNASJONALT ENGASJEMENT

Ungdomsårskomiteen i Bokn kom ikkje i gong med arbeidet sitt før etter sommarferien. Ungdomsårskomiteen er samansett av kulturstyret + representantar

frå Bokn Ungdomslag, Bokn MC-klubb, Bokn Idrettslag, Diskoteket, Petra og Lava.

Ungdomsårskomiteen har konsentrert seg om to oppgåver:

- 1) Stå for det praktiske innsamlingsarbeidet i samband med TV-innsamlinga UNGDOMSKAMPANJEN 85 den 20. oktober.
- 2) Fritidstilhøva for ungdom. Her har komiteen begrensa seg til å sjå på tilhøva ved diskoteket. Komiteen har sett seg som mål å få lokala pussa opp, og få i stand ei skikkeleg vaktordning ved arrangementa.

Meir informasjon om desse sakene finn ein i eigne artiklar.

Når ungdom aktiviserer og bevisstgjør seg selv, kan dette være med på å redusere mange av ungdomsproblemene. Det kan forebygge kriminalitet og rusmiddelmisbruk. Hjelp dem med å komme i gang.

Statens Edruskapsdirektorat



Ungdomsåret 1985

TV-INNSAMLINGA UNGDOMS- KAMPANJEN 85

UNGDOM TIL AKSJON FOR UNGDOM I U-LAND

Den årlige TV-innsamlinga heiter i år UNGDOMSKAMPANJEN 85. Innsamlinga skal gå føre seg søndag den 20. oktober. I Boka er det Ungdomsårskomiteen som i år har tatt på seg dette arbeidet. Innsamlinga vil foregå på ettermiddagen.

KVA PENGENE GÅR TIL

PENGANE SOM KJEM INN UNDER TV-INNSAMLINGA I ÅR, UNGDOMSKAMPANJEN 85, SKAL GÅ TIL ULIKE PROSJEKT I AFRIKA, ASIA og LATIN-AMERIKA.

UTDANNING OG OPPLÆRING

Nærare halvparten av dei innsamla midlane skal gå til utdanning og opplæring for unge menneske i U-land. Dei fleste opplæringsprosjekta er praktisk orienterte.

MAT OG HELSE

MAT OG HELSE

Felles framtid?



Ved sida av utdanning og opplæring er betre helse og ernæring avgjerande for utviklinga i Afrika, Asia og Latin-Amerika.

Eit par av prosjekta i kampanjen tar sikte på å minske tørken og svolt i Afrika. I Tigreprovinsen i Etiopia skal UNGDOMSKAMPANJEN finansiera skogplanting og terrasering som kan stoppe utarminga av jorda. Kampanjen gir også støtte til brønning i Eritrea. Ein skal også støtte eit helse-prosjekt i Kongo.



DISKOTEKET

Oppussing, vaktssystem

VIL DET RESULTERA I EIT BETRE MILJØ?

Ungdomsårskomiteen i Bokn har sett seg som mål - i samarbeid med styret i diskoteket, å prøva få til ei ansiktsløfting av diskoteket, både når det gjeld sjølve diskoteklokalet og dei dansekveldane som blir arrangerte der.

Kommunestyret har løyvt pengar til oppussing av diskoteket. Dessutan har diskoteket sjølv pengar som dei vil bruka i samband med oppussinga. Det må også kjøpast nye bord og stolar.

Bakgrunnen for at Ungdomsårskomiteen engasjerte seg i dette arbeidet, var at "FRITID" var eit av dei områda som var aktuelle å ta opp i samband med Ungdomsåret. Ved å sjå på fritidstilboda her i kommunen, fann Ungdomsårskomiteen ut at diskoteket burde kunna bli eit betre fritidstilbod enn det er i dag. Slik det nå såg ut i diskoteklokalet, inviterte det i alle fall ikkje til forsiktig bruk. Når eit lokale er så nedslite og lite vedlikehalde, liknar det mest på ei bule. Å krevja at ungdomen skal ta vare på eit slikt lokale er lite realistisk. Når så styret i diskoteket var svært interessert, var det heilt naturleg å satsa på opprusting av diskoteket, og då meiner Ungdomsårskomiteen opprusting slik at tilhøva ved diskoteket ikkje blir så kritikkverdige og utan styring som det til tider har vore før.

Det som skal gjerast med diskoteklokalet, er at det skal kles med gips under taket (for å sikra betre i tilfelle brann), veggene skal kles med tre-panel, den nordre delen av lokalet skal "løftast" opp litt, slik at ein må gå opp eit trappetrinn for å koma opp på ein sitje-avdeling. Dette skal skiljast frå resten av lokalet med eit lite gelender. Vindaugo skal pussast og malast, og golvet skal slipastog lakkast. Heile lokalet vil til slutt framstå heilt ny-oppussa. Arbeidet blir delvis utført på dugnad. Ein er nå kome ganske langt i prosessen, men det er vanskeleg å seia når diskoteket er heilt ferdig til å bli tatt i bruk. I alle fall må det bli på denne sida av jul.

Så nå står noko av det viktigaste arbeidet att, nemleg å prøva å få til eit betre vaktssystem ved arrangementa. Det vil jo innebera at ein både får eit sett med ordensreglar å halda seg til, og eit system der det alltid er vaksne personar i lag med dei unge i vakthaldet. Dette er det nå Ungdomsårskomiteen arbeider med å få til. Me har nok ikkje noko epokegjerande hokus - pokus løysing på dette, men er nok nøydde til å finna ei løysing som ikkje er så ulik den som blir brukt i Petra, og satsar på at foreldre er viljuge til å gjera ein innsats.

Me har alle eit ansvar for at barn og ungdom skal få eit godt oppvekstmiljø, og fritidstilboda er ein viktig del av dette. Det er ofte vanleg at det er dei same foreldra som er med på slike friviljuge skippertak for barn og ungdom. Om det er vanleg her, veit eg ikkje, men det er om å gjera at når me nå om ikkje så altfor lenge vil koma til å be foreldre om å ta "sin" tørn, så vil dei fleste føla ansvar for å ta sin del. Då blir det også fordelt på fleire, og blir ikkje så ofte. Me har i utgangspunktet tenkt at det må halda med to vakane personar på kvart arrangement i tillegg til dei vaktene diakoteket sjølv stiller med.

Det er jo klart at det er nok av utfordringar m.h.t. ting som kunne gjerast/nye aktivitetar i tillegg til det som nå skjer på diskotek-kveldane. Dette er noko Ungdomsårskomiteen ikkje har arbeidd noko med, og me må vel vera nøgde dersom me får til ei forbetring på dei tilhøva som har vore. Andre aktivitetar enn dans og det å berre treffa andre jammaldringar, er vel heller ikkje så aktuelt på ein laurdagskveld. Det er vel heller ikkje så mange av den "vaksne" garde som kan tenkja seg å gjera så altfor mykje på ein slik kveld. Dei fleste vil vel slappa av og ha det litt moro.

Det som har vore ekstra inspirerende for Ungdomsårskomiteen, er at dei unge sjølve har gitt klart uttrykk for at dei ville ha forandringar på tilhøva. Dei har heile tida synt stor vilje og har gjort ein fin innsats både i planleggjing og gjennomføring av arbeidet til nå. Det er jo klart at ein må alliera seg med desse gode kreftene dersom ein skal få til noko. Sjølv sagt vil ein undervegs, og når diskoteket er kome i drift att, møta nye problem, men dei får ein prøva å løysa etter kvart som dei oppstår.

Verdensbarnedagen

Verdensbarnedagen 1985 som var måndag den 7. oktober, vart markert ved at Bokn barnehage hadde eit kakelotteri ved Bokn Handelslag på ettermiddagen den 7. oktober.

Temaet for Verdensbarnedagen i år var REDD BARNA FRA KRIG.

Det var mange som ville kjøpa lodd, og faktum var at det ikkje var mange nok lodd til

alle som ville kjøpa. Det kom inn kr. 600,- på kakelotteriet. I tillegg kom det inn kr. 335,- som gåver - Tilsaman kr.935,-.

Tove Steingildra seier at det var veldig positiv innstilling til aksjonen blant folk, og at dei kunne selt fleire lodd. Det var tydeleg at folk støtta aksjonen, der pengane som kom inn gjekk gjekk til organisasjonen



REDD BARNA 7

FRÅ STYRE OG STELL

Kommunestyre- møtet 24. okt.


KOMMUNEVÅPEN FOR BOKN

3 1/2 år tok det frå formannskapet i 1982 ba kulturstyret ta opp saka med kommunevåpen for Bokn, til kommunestyret i siste møte med 11 mot 5 røyster gjekk inn for at motivet Varde i sølv på blå botn vert lagt til grunn med sikte på å få dette motivet godkjent som kommunevåpen for Bokn kommune.

Det vart røysta alternativt over framlegget frå formannskapet og eit framlegg frå Sigurd Johnny Svendsen, som gjekk ut på at saka skulle sendast attende til kulturstyret med anmodning om ny utlysning for å få nye utkast til kommunevåpen i Bokn.

Ein av grunnane til at denne saka har tatt så lang tid, er at det er svært strenge reglar for å få eit kommunevåpen godkjent. M.a. skal det ikkje vera meir enn eitt motiv i våpenet. Det var dette som var hovudårsaka til at Riksarkivet ikkje ville godkjenne det framlegget som kommunestyret hadde i 1984. Då vedtok nemleg kommunestyret at møteivet Varde over bølger skulle arbeidast vidare med - med sikte på å få dette godkjent. Dette gjekk altså Riksarkivet ikkje med på.

Det er nå Kommunal- og arbeidsdepartementet via Fylkesmannen som skal gje endeleg godkjenning for motivet Varde i sølv på blå botn.



Det er Alf Axelsen hos Dreyer Bok i Stavanger som har utført teiknearbeidet. Hadde me nå hatt fargar i trykken, ville ein fått med meir av symbolikken. Det blå i botnen skal m.a. symbolisera havet - og at det er ein øykommune. Sølvfargen i varden kan symbolisera at fiske har vore, og er ei viktig næringskjelde for folk i kommunen. (havets sølv). Motivet i seg sjølv kan også symbolisera sjølve øya (Godt landemerke på lang avstand).

FRAMTIDIG FORDELING AV UTGIFTER FOR FYLKESMUSIKARANE I NORD-ROGALAND

Tilråding til vedtak:

- Bokn kommunestyre godtek at fordelinga mellom fylkeskommunen og kommunen blir som i 1985 når det gjeld utgiftene til fylkesmusikarane i Nord-Rogaland. Fordelinga mellom kommunane blir etter folketalet. Avtalen skal gjelda for inneverande og neste valperiode. -

Tilrådinga vart vedteken mot 2 stemmer.

Dette betyr at Bokn kommune sin del av utgiftene med fylkesmusikarane i Nord-Rogaland blir ca. kr. 2.400,-.

VEDLIKEHALD AV KYRKJEBYGD SKULE

Tilråding til vedtak:

- Bokn kommunestyre løyver kr. 32.000,- til oppsetjing av gjerde ved Kyrkjebygd skule. Dekningspost 1.730.151 - Vedlikehald av bygningar. -

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

Bakgrunnen for at saka kom opp, var at kulturstyret tidlegare i år gjorde vedtak om at ein måtte sjå på vedlikehaldet av både gjerdet og sjølve skulen. Ein vil difor neste år frå kulturstyret si side foreslå at det vert budsjettert slik at det vert midlar også til maling av skulen. Kyrkjebygd skule fungerer i dag som eit allsidig aktivitetshus, der både kommunen og fleire organisasjonar driv ulike aktivitetar for alle aldersklassar. Ein viser i denne samanheng også til saka om oppussing av diskoteket sine lokale. Denne saka var også oppe til handsaming i kommunestyret den 24. september, og fekk pengar til dette formålet. Les om dette annan stad i bladet.

ALVESTAD SØR - FORSLAG TIL OMREGULERING AV LEIKEPLASS

Tilråding til vedtak:

- Bokn kommunestyre vedtek framlegg til reguleringsendring for del av Alvestad sør, slik det går fram av kart, datert 23. mai 1985. -

Denne omreguleringa fører til at leikeplassen ved det nye byggjefeltet sør for Krokвика skal byggjast rett nord for huset til Edgar Våge. Den tidlegare planen var at leikeplassen skulle byggjast lengre oppe, på øvre sida av veien.

Bakgrunnen for omreguleringa er at då formannskapet i april 1984 drøfta forbetring av eksisterande leikeplassar i Føresvik og Alvestad, vart det gitt uttrykk for at ein ønskte plassert leikeapparat også i tilknytning til det nye byggjefeltet i Alvestad sør.

Då situasjonen var den, at kommunen ikkje hadde innkjøpt dei areala kor leikeplassen var forutsett bygt, måtte ein i tilfelle setja opp midlertidige apparat på ein av dei ikkje tildelte tomtene. I staden for å gjennomføra ei provisorisk løysing, har ein altså gått inn for ei omregulering.

KOMMUNAL BOIKOTT AV SØR-AFRIKA

Tilråding til vedtak:

1) Bokn kommunestyre tar sterk avstand frå Sør-Afrikas undertrykkande apartheidpolitikk. For å bekjempe denne umenneskelege politikken, som bryter totalt med menneskerettserklæringen, er det nødvendig å motarbeide det sittande regimet politisk og økonomisk.

2) Bokn kommune har begrensa mulighet til å øve press på Sør-Afrika, men kommunestyret vil henstilla til næringsdrivande i kommunen om å unngå handel med varer frå Sør-Afrika.

Denne tilrådinga til vedtak vart vedtatt med 13 mot 3 røyster.

Eit framlegg frå Finn Kro om å ikkje uttala seg om kommunal boikott fall med 11 mot 5 røyster.

Eit framlegg til punkt 3 frå Sigurd Jonny Svendsen, der han ville at kommunestyret skulle henstilla til skulesjefen om å setja i verk informasjon som fremmer kunnskap om og forståing av situasjonen til dei undertrykte i Sør-Afrika, der alle sider blir belyst, også dei historiske.- fall med 13 mot 3 røyster.

BOKN RUTELAG - SPØRSMÅL OM OVERDRAGELSE TIL HAUGALAND BILLAG A/S

Tilråding til vedtak:

- 1)
- 1) Bokn kommune stiller seg i utgangspunktet positivt til Samferdselskontoret sitt framlegg om å overdra Bokn Rutelag til Haugaland Billag A/S.
- 2) Dei tilsette sjåførane i Bokn Rutelag skal ved tilsetting i Haugaland Billag A/S ikkje tilsettast på dårlegare løns- og arbeidsvilkår enn dei har hatt som tilsette i Bokn Rutelag.
- 3) Bokn kommune skal ved overdraging av Bokn Rutelag til Haugaland Billag A/S, ha tilbod om å gå inn i Haugaland Billag A/S som aksjonær.
- 4) Det må før overdraginga skjer, først forhandlingar mellom Bokn kommune, Haugaland Billag A/S og Samferdselskontoret om vilkåra for overdraginga.

Finn Kro hadde framlegg til endring av punkt 2 som var slik: Dei tilsette bussjåførane i Bokn Rutelag skal ved tilsetting i Haugaland Billag A/S ikkje miste ansienitet som er opparbeidd i Bokn Rutelag.

Punkt 1, 3 og 4 vart først samrøystes vedteke. Punkt 2 (formannskapstilrådinga) vart så vedtatt med 13 mot 3 røyster for Finn Kro sitt framlegg.


BLYANT

VANDREUTSTILLING 1985

Bildende Kunstneres Forening Rogaland

visningssteder og -tid: FREDAG 18. OKT. kl. 19.00-21.00
LØRDAG 19. OKT. kl. 15.00-17.00
SØNDAG 20. OKT. kl. 16.00-18.00

Boknskule, Førsvik



BKFR's vandreutstilling - 85

er en fortsettelse og oppfølging av tidligere vandreutstillinger i fylket, der det legges vekt på å vise billedkunst samt også gi informasjon om ulike teknikker i kunsten.

Årets vandreutstilling bærer temaet BLYANT. Den inneholder blyanttegninger som selvstendige ferdige kunstverk og som skisser, studier og forarbeider til kunstverk tenkt utført i andre teknikker og materialer.

Selv om vandreutstillingens tema varierer fra år til år, så er målsettingen alltid den samme. Vi ønsker å nå ut til folk med seriøs kunst under mottoet: Alle har rett til kunst.

Årets vandreutstilling omfatter 35 blyanttegninger av tilsammen 16 kunstnere som alle er medlemmer av Bildende Kunstneres Forening, Rogaland. Utstillingen er som vanlig juryert av BKFR's Jury/Kunstneriske Råd.

De aller fleste arbeidene er til salgs. Salg av arbeider formidles gjennom visningsstedene. Solgte arbeider må følge utstillingen til den er endelig avsluttet ca. 10. desember/85. Da vil solgte arbeider bli tilsendt kjøperne sammen med kjøpekontrakten.

Brannbil til Bokn



Som ein har kunna lesa i avisene idet siste, fekk Bokn kommune i sist veke ein brannbil i Gåve frå Karmøy Fabrikker. Bilen vart overlevert Bokn kommune fredag sist veke.

Meininga er nå at det skal byggjast garasje til bilen, sannsynlegvis ved Kyrkjebygd skule der resten av brannvernutstyret er plassert. Det er tanken å setja opp garasjen ved dugnadsinnsats.

Ny i kommunen

Det er nå tilsett ny kommuneingeniør i Bokn. Stillinga er ei 2 - årig engasjementstilling, og den tilsette skal særleg arbeida innafør oppmålingssektoren.

Den tilsette er den 24 år gamle STEINAR BERGSVIK. Han har kommunalteknisk linje ved Ingeniørhøgskolen i Trondheim. Han var ferdig med utdanninga våren 1985, og det er såleis den første "faste" jobb han har.

Dersom det er interesse for eit bygdeblad, og eit ønskje om at ein skal halda fram med å gi det ut, vil ein ta sikte på eitt blad til på denne sida av 1985. Skal det bli ei permanent ordning, vil ein prøva å få faste utgjevsdatoar og tidsfristar for innlevering av stoff når me kjem i 1986. Det kunne vel vore ein tanke å gi ut eitt blad pr. mnd.